

# UNG


# medverknad

i by- og tettstadsutvikling



Ungdomspanelet i Møre og Romsdal

# Innhald



---

By- og tettstadsutvikling - der du kan påverke! 3

KVA er by og tettstadsutvikling? 3

KVIFOR engasjere seg i by- og tettstadsutvikling? 5

KORLEIS drive med ung medverknad i by- og tettstadsutvikling 6

KVEN kan ungdomsråda kontakte? 8

## By- og tettstadsutvikling - der du kan påverke!

Har du nokon gong tenkt over korleis bygg, gater, plassar og områda der du veks opp verkar inn på korleis du opplever kvardagen din og korleis du lever livet ditt? I 2017 vedtok ungdommens fylkesting (UFT) at tettstadsutvikling skulle vere eit område ungdomspanelet skulle jobbe med det komande året. I saka om tettstadsutvikling og distriktsarbeid (UFT-7/17) vart det samrøystes vedteke at:

Ungdommens fylkesting ser positivt på by- og tettstadsutviklingsarbeid i Møre og Romsdal. Ungdommens fylkesting ynskjer at ungdomspanelet skal lage ein rettleiar for korleis ungdomsråd kan arbeide for å få eit attraktivt, sosialt og godt lokalsamfunn for barn og unge. Ungdommens fylkesting ynskjer også at ungdomsråda skal få moglegheita til å leggje fram sine gode døme ved ungdommens fylkesting i 2018.

I tråd med vedtaket synest vi i ungdomspanelet at det er viktig at ungdom får vere med på å utvikle sitt nærrområde og vere med på å planlegge bustadområde som dei trivst i. Vi veit at ein trygg og attraktiv heimstad fører til betre oppvekstmiljø og eit eigarskap til heimplassen. Mange ungdomsråd får ikkje vere med i planlegginga av eige nærrområde. Dette ønsker vi å endre. Vi i ungdomspanelet har derfor laga ein rettleiar som skal gjere det lettare for unge å engasjere seg i utviklinga av sitt eige nærrområde. Målet er at denne rettleiaren skal gi kommunale ungdomsråd tips til korleis dei kan engasjere seg i by- og tettstadutviklingsarbeidet i eiga kommune.

## KVA er by- og tettstadsutvikling?

### Vi flytter til tettstadane

Stadig fleire og fleire av oss bur i byar og tettstadar. Dette er ein del av den store urbaniseringstrenden. Byane har størst vekst, og meir enn halvparten av alle på jorda bur i dag i byar. I Noreg bur faktisk 8 av 10 i byar eller tettbygde strøk! I Møre og Romsdal er det nærmare 7 av 10, men trenden er klar; folket trekker inn mot byar og tettstadar.

Den største flyttestraumen i Noreg går til dei største byane Oslo, Bergen og Trondheim. Dette gjeld særleg unge som nettopp er ferdig med vidaregåande skole.



*Ungdomspanelet 2017/2018 har jobba for å følge opp vedtaket frå UFT 17. Bildet er frå Åndalsnes kor ordføraren i Rauma kommune presenterte korleis dei har jobba med by- og tettstadutvikling.*

Vi kan sjå at flyttestraumen frå Møre og Romsdal også følgjer dette mønsteret. Innanfor regionane er det flyttestraumar som går frå bygdene og inn til byane og tettstadane. Dette kan føre til til dømes overfolka skoler i byane og fleire tomme skolebenkar i bygdene. Berre i 2016 opplevde Møre og Romsdal ei innanlandsk nettoutflytting på over 1000 personar. Mange kommunar og tettstadar har mål om å redusere denne flyttestraumen. I 2016 hadde 20 av dei 36 kommunane i Møre og Romsdal flytteoverskot. Ålesund kommune hadde det største overskotet med 275 personar. Av dei 16 kommunane med flytteunderskot hadde Kristiansund størst nettoutflytting med 88 personar, følgd av Vestnes med 37 personar og Herøy med 36 personar ([fylkesstatistikk.mrfylke.no/2017](http://fylkesstatistikk.mrfylke.no/2017)).

### Utvikling av din heimstad

By- og tettstadutvikling blir gjerne omtala som "stadutvikling", men kva er det egentleg? Det handlar om å utvikle byar og tettstadar slik at dei blir attraktive for folk å bu i, jobbe i og besøke. Det er ikkje rart dette er viktig for alle kommunane i Møre og Romsdal! Fleire av kommunane våre har aktive by- eller tettstadsutviklingsprosjekt i 2018, der lokale barn og ungdom skal og bør få delta med sine tankar og meiningar. Døme på tiltak som utviklar